

Forfattaren

I denne spalta stiller vi store spørsmål om dei største.

Miguel de Unamuno: Kva ville han med livet?

Miguel de Unamuno (1864–1936), spansk forfattar, filolog, filosof, familiemann og ei ustoppelig kritisk røyst i spansk samfunnsdebatt. Den eksistensielle uroa hans nedfelte seg i alle sjangrar, medan samfunnsengasjementet òg kom til uttrykk gjennom virket som rektor ved universitetet i Salamanca. Han oppfatta både Kierkegaard og Ibsen som sjelefreandar og lærde seg dansk for å lesa dei i original.

Den viktigaste boka hans?

Det filosofiske hovudverket er *Om den tragiske livsfølelse hos menneske og folkeslag* (1913) der han går mennesket si dødelegheit tett inn på klinga. Romanen *Tåke* (1914) er ein litterær, metaforisk motpart der hovudpersonen gjer opprør mot forfattaren og hevdar han er meir verkeleg enn Unamuno. Ei lita perle er kortromanen om den ikkje-truande presten *Martyren, den gode San Manuel* (1933).

Kva meinte han om samtida?

Som ei sentral røyst i den såkalla 1898-generasjonen var han oppteken av «problemet Spania», av korleis ein kunne fornya nasjonen som var sakka så akterut i Europa. Typisk for Unamuno fann han fyrst løysinga i ei «europisering» av Spania, medan han sidan meinte svaret på problema snarare var å finna i Spanias eiga sjel.

Kva innverknad hadde han på ettertida?

Han er ved sida av den litt yngre filosofen José Ortega y Gasset ein tenkjar som ein ikkje kjem utanom i moderne spansk idéhistorie og litteratur. Han skildra den spanske filosofien som ein kamp mellom verda slik den vitskaplege fornufta hevdar at ho er, og slik vi vil ho skal vera ut frå trua vår. Den fremste representanten for fransk tenking er Don Quijote, ein skapning frå verda til fiksjonen og handlinga, meir verkeleg enn alle filosofar.

Var han lukkeleg?

Kan ein vera lukkeleg og samstundes glødande oppteken av den tragiske livskjensla? Som eit særskilt kjenslevart menneske opplevde han sikkert augneblinkar av djup lukke og andre av botnlaus fortvilning.

Var han eit godt menneske?

Han kunne nok vera både ego-sentrisk og eksentrisk, men han var samstundes til stades blant og for menneska som omgav han, og for samfunnet, kanskje litt på same måten som den gode, ikkje-truande presten i *Martyren, den gode San Manuel* som vel å ivareta livsløyna til menneska medan han



Miguel de Unamuno y Jugo (fødd 29. september 1864 i Bilbao, død 31. desember 1936) var ein spansk forfattar, dramatikar og filosof.

sjølv står overfor den botn-lause avgrunnen.

Kven var han i strid med?

Eksistensen! Trua! Seg sjølv! Individualisten Unamuno vart aldri nokon partipolitisk mann sjølv om han ei tid var medlem i det spanske sosialistiske arbeidarpartiet (PSOE). I 1924 vart han forvist til Fuerteventura av general og kuppmarkar Miguel Primo de Rivera, og han opplevde å bli avsett som rektor ved universitetet i Salamanca både av republikanarane og av nasjonalistane i 1930-åra. Han sat i husarrest då han døydde nyårsaftan 1936.

Trudde han på Gud?

I motsetnad til den spanske filmskaparen Luis Buñuel, som takka Gud for at han var ateist, ville nok Unamuno ha takka Gud for både tvil og tru. Etter ei religiøs krise i 1897 då den eine sonen var døds-sjuk, heldt Unamuno spørsmålet om trua levande på uvis-sas grunn. Den katolske kyr-

kja kjende derimot ikkje igjen Gud i Unamunos bok *Om den tragiske livsfølelse* og sette ho på indeks i 1957.

Kva ville han med livet?

Han ville vera motsetningsfylt til stades «mellom hjartet som seier ja, og hovudet som seier nei», og lukkast uvanleg godt med det. Goethe ropa om meir lys på dødsleiet, medan Unamuno meinte menneska trong meir varme, for «vi døyr av kulde og ikkje av mørke».

Typisk sitat?

«Mi oppgave er å kjempa mot alle som slår seg til tols, om det er med katolisismen, med rasjonalismen eller med agnostisismen; mi oppgave er å syta for at dei lever eit liv i lengt og uro.» (*Om den tragiske livsfølelse*, kap. XII, mi omsetjing).

RANDI LISE DAVENPORT

Randi Lise Davenport er fyrste-amanuensis i spansk litteratur og kultur ved Universitetet i Tromsø.

Eit gnagså

Alexander Wisting vil teikne eit nytt bil

BIOGRAFI

ALEXANDER WISTING:

Hjalmar Johansen. Seierens pris

KAGGE FORLAG 2012

For nøyaktig hundre år sidan, om kvelden 3. januar 1913, gjekk den kjende polfararen Hjalmar Johansen inn i Solliparken i Kristiania og skaut seg. Skotet var meint for han sjølv, skriv Tor Bomann-Larsen, men «det streifet minst to menn til: Fridtjof Nansen og Roald Amundsen. Det traff nasjonens hjerte.» Og skotsåret er tydelegvis ikkje lækt. Det syner Alexander Wisting's bok om Johansen.

Hjalmar Johansen var turnaren frå Skien som følgde Nansen mot Nordpolen og kom heim til eit jublande folk i 1896. Etter det hamna han i Tromsø som offiser, drakk seg mykje full og køyrde ekteskapet i grøfta. Mannen dukka opp att i ålmenta som ein av Roald Amundsens menn, på veg til Sørpolen i 1910. Men no kom han ikkje heim som helt. For medan dei andre sørpolkarane møtte jubel, kom Hjalmar Johansen heim åleine, audmjuka og utstøytt. Noko hadde skjedd i Antarktis. Og dette noko har norske polarskribentar slåst om i fleire tiår.

EIN TRAGEDIE

8. september 1911 starta Amundsen med sju menn mot Sørpolen. Dei kom til 80 grader sør, og termometret kraup under 50 minusgrader. Utolmodet hadde vorte for stort; redde for at Scott og britane skulle vinne kappløpet, hadde dei starta for tidleg. Dei måtte snu for å berge livet. Returen vart ein kamp mot kulda. Ein av karane, Kristian Prestrud, greidde ikkje å halde tempoet, og medan dei andre fór nordover mot Framheim, tryggleik og varme, venta Hjalmar Johansen på han som hang etter. Fleire timar etter den første sleden kom tilbake til basen, ramla to utslitne karar inn over dørstokken. Neste morgon sprakk det for den røynde polfararen. Han las Roald Amundsen ei lekse. Nøyaktig kva han sa, får me aldri vite, men det var strengt – og kritikken vart oppfatta som så alvorleg av ekspedisjonsleiaren at han sette Hjalmar Johansen av laget som skulle føre det norske flagget til verdas sørlegaste punkt.


Og det er dette som stadig er eit vanskeleg tema i den norske polarhistoria – «en norsk tragedie» for å nytte ei overskrift i ein avisdebatt om Johansen frå 1980-talet. For spørsmålet ser ut til å vere: Var Hjalmar ein helt som berga Prestrud og dermed ekspedisjonen frå ei aktaus dødsulukke medan Amundsen, sjefen, styrta heimover? Kapteinen som forlét ei søkkande skute. Eller var

heimturen ein kontrollert retur, der Hjalmar Johansen utan grunn ikkje greidde å styre sinnet sitt, opponerte mot ekspedisjonsleiaren og dermed tvinga Amundsen til å setje han ut av laget? Altså: Johansen gjorde mytterier.

Alexander Wisting meiner openbert det siste. Og han har skrive nesten fire hundre sider for å argumentere for saka si.

ALLVITANDE FORTELJAR

Eg tykkjer ikkje eg kjem nær Johansen i Wisting's penn. Det er noko uengasjert og uentusiastisk. Forfattaren verkar òg lite interessert i, eller evnar ikkje, å trekkje ut spenningskurver som er open-



Det kan verke som Wisting meiner han ikkje treng å dokumentere det han hevdar.

berre i Johansens liv, til dømes Johansens og Nansens kamp for livet etter forsøket på Nordpolen.

Dramaet som ligg i denne historia, blir punktert i Wisting's ønske om å forklare og fortelje kva som kjem til å skje, og kvifor det kjem til å skje. I det heile har Wisting ein gamalmodig forteljarstil. Han er den allvitande forteljararen som veit korleis folk tenkte, og kvifor dei handla som dei gjorde. Korleis veit han at Oscar Wisting var «stillfarende og godt likt, uten noe større ambisjon enn å gjøre jobben for Amundsen»? Heller ikkje i omtalen av hovudpersonen blir eg støtt overtydd av Wisting's mange udokumenterte karakteristikkar. Til dømes om årsaka til at han ikkje stoppa drikkinga i tide: «Siden han i liten grad var god

r i norsk polarhistorie

ete av Hjalmar Johansen, men verkar meir oppteken av å forklare helten Roald Amundsen.

til å tolke andre menneske, forsto han ikke signalene.» Eller om Johansens forhold til kvinnfolk: «Han elsket Hilda og var utpreget monogam av natur.»

For ikkje å snakke om denne karakteriseringa av sørpollaget: «[Prestrud] var plaget av følelsen av å ikke strekke til. De andre mennene var seige og utholdende. Wisting, Hassel, Hanssen og Bjaaland var i tillegg mentalt stabile og syntes å ha medfødt tålmodighet. De lot seg ikke stresse under kritiske situasjoner, men gjorde oppgavene de ble tildelt uansett forhold. [...] Roald Amundsen utviste selv generelt et stabilt humør og en forutsigbar oppførsel.»



Hjalmar Johansen (1867–1913).



Roald Amundsen (1872–1928).

FORFYLLA OG VALDELEG

Boka skal teikne eit nytt bilete av mannen som levde i skuggen av dei største polfararane våre, lovar baksideteksten. Og aldri har me møtt ein meir fordrucken, kone-mishandlande og sosialt fortapt Hjalmar Johansen. Og forfallshistoria gjer inntrykk. Vonene som brast etter heimkomsten frå Polhavet. Og dette er sjølv sagt ein alvorleg og tragisk del av historia om Johansen, men Wisting tilbyr svært få prov når han teiknar ein mann som meir eller mindre hamna i ruin, fysisk og mentalt.

Og det er samstundes dette forfallet som skal bli Wistings viktigaste forklaring på at Johansen er syndaren i oppgjeret med Amundsen.

POLEMIKK

Eg les Wistings bok som ein polemikk mot Ragnar Kvams framstilling av Hjalmar Johansen (frå 1997) og Bomann-Larsens biografi om Roald Amundsen (frå 1995). Hja begge desse er Johansen helten som berga Prestrud og dermed Amundsens renommé. Begge serverer sterke forteljingar frå dei kritiske timane i Antarktis. Men det kan samstundes stillast spørsmål – og det blir stadig gjort – om kor kjeldeetterretteleg desse forfattarane er.

Ein kunne difor ha venta at ei ny framstilling av denne saka ville snudd og vendt på alt me veit, analysert og diskutert. Men nei, det kan verke som Wisting meiner han ikkje treng å dokumentere det han hevdar. Han har ikkje ein einaste referanse i heile boka. Rett nok viser han stundom til andre forfattarar i teksten eller forklarar at sitata kjem frå eit brev eller ei dagbok. Men denne lesaren får ei kjensle av at Wisting meiner han har innsikta som skal til for å fortelje oss korleis polfararar for hundre år sidan tenkte, vurderte og skulle oppføre seg. Difor kan han reservasjonslaust kome med utsegner som: «Sett fra Amundsens ståsted hadde den siste etappen vært gjennomført noenlunde etter planen.» Og: «De fem mennene var



Framheim ved Hvalbukta, Antarktis, 1911: Rundt bordet sit Olav Bjaaland, Sverre Hassel, Oscar Wisting, Helmer Hanssen, Amundsen, Hjalmar Johansen, Kristian Prestrud og Jørgen Stubberud. Foto: Nasjonalbiblioteket (fotograf ukjend)

et riktig valg sett i et historisk perspektiv.»

SIGERENS PRIS?

Når Johansen stuper inn døra i Framheim, etter eit sju og ei halv mils desperat tilbaketog, er det livsførselen og den mentale balansen til polfararen forfattaren stiller spørsmål ved: «Hjalmar var sliten og irritert. Han må ha merket både alder og livet han hadde levd siden han gikk med Nansen.» Årsaka til at Roald Amundsen sende Johansen ut av polarsoga, ligg ifølgje Wisting i historia: «I Hjalmar fortid. I skyggetilværelsen etter berømmelsen med Nansen. Det var seierens pris – og forbannelse.» Dette er ei slutning eg ikkje vart overtydd av – men dette poenget blir så viktig for Wisting å få fram at han misser den han biograferer av syne.

I staden for å skrive om kjensla

til Johansen då han sat att i Framheim, såra over det som hadde skjedd, skuffa over kameratane som ikkje stod opp for han. Spørjande om kvifor Amundsen plutsleg kastar om på planane til ei så stor feid. «Det er mulig, at jeg tar feil», skriv Johansen, med sjølvinnsett i dagboka, «for jeg er jo selv part i sagen, men det skal i sin tid interessere mig at høre, hva Nansen mener om dette, når jeg forelegger ham de faktiske omstendigheder.» Men Wisting er meir oppteken av sigershistoria. Forteljinga om suksessen som førde Amundsen og hans eigen oldefar – Oscar Wisting, «Amundsens nærmeste mann» – til Sørpolen. Det var desse – «fem mann med riktige egenskaper og en beinhard offervilje som la ut. Robert Falcon Scott var i realiteten sjanseløs før han ga seg i vei mot polen, uansett hvilket imperium han måtte ha i ryggen.»

EI SVIKLAUS SJEL?

Nansen avslutta nekrologen til Johansen med følgjande punchline: «en sjel hvori det ikke fantes svik». Nansen, som hadde høyrte Amundsens påstandar om Johansens mytteri, kjende Johansen betre enn dei fleste. Wisting drøftar ikkje kva Nansen kan ha meint med ei slik fråsegn, for han har funne Johansens svik og konkluderer: «Slik Roald Amundsen så det, hadde Johansen gitt ham få andre alternativer enn å knuse hans troverdighet før han nådde hjemlandet.»

Eg skal ikkje gjere meg til domar over kva som skjedde i oppgjeret mellom Johansen og Amundsen, sjølv om eg synest det luktar av måten Amundsen takla konflikten på – særleg av mytteripåstandane i ettertid. Eg lét meg ikkje overtyde av Wistings enkle analyse om at årsaka til konflikten med Amundsen

må søkjast i forfallet til Hjalmar Johansen. Den liknar for mykje på ein forsvarstale for Amundsen.

Eg etterlyser ei friskare tilnærming til det dramatiske kappløpet mot Sørpolen, der me klarar å fri oss frå helte- og antiheltforteljingane, der me kan stille interessante og utfordrande spørsmål som får fram dei samansette relasjonane som må ha vore mellom deltakarane på ein slik ekspedisjon – der me verken er moralsk indignerte eller er farga av ønsket om å teikne eit glansbilete av den stolte norske polarhistoria – og der det ikkje treng å vere slik at det anten er Amundsen eller Johansen som er dritsekk eller helt.

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstittutt og fast skribent i Dag og Tid.